



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

HØYRING AV FORSLAG TIL UTVIDA SKOGVERN



ØRNAKKEN NATURRESERVAT
SKODJE KOMMUNE
Høyringsfrist 01.06.2019



Framsida: Sommardag i furuskog med bærlyng/småbregneskog (foto: Fylkesmannen i Møre og Romsdal).



Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 % av skogarealet. I mars 2019 var ca. 4,7 % av den produktive skogen i Noreg verna.

I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva til å ha betydeleg positiv effekt på trua artar i skog, og Regjeringa vil vidareføre det langsiktige arbeidet med skogvern. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved frivillig vern av privateigd skog. Frivillig vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog.

Dersom ein har naturfagleg kunnskap om det aktuelt tilbodsområde frå før, kan slike data bli lagt til grunn for ein eventuell verneplanprosess. Dersom området ikkje er kartlagt tidlegare, vil Miljøvernstyresmaktene også vurdere tilbodet og sette eventuelt i gang med naturfaglege registreringar for å kartlegge verneverdiar. I Møre og Romsdal er ein vesentleg del av den verneverdige skogen kartlagt tidlegare og aktuelle data er tilgjengelege i www.naturbase.no.

Om det på bakgrunn av ei slik registrering vil vere aktuelt å fremme eit verneforslag for det aktuelle arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigar om avgrensing, verneforskrift og økonomisk erstatning. Når staten og grunneigar er kome til semje om desse punkta, vil området gjennomgå ei vanleg saksbehandling i tråd med naturmangfaldlova .

Tilbodet

Fylkesmannen fekk tilbod om utviding av området for frivillig skogvern ved Ørnakken naturreservat med eit samla areal på om lag 290 dekar på eigedomane gnr./bnr.: 29/1, 29/4, 29/5, 29/6, 29/7, 30/1, 30/2 og 45/2 i Skodje kommune. Tilbodet kom frå ALLSKOG den 06.04.2018. Etter utvidinga av Ørnakken naturreservat kan området dekke eit areal på totalt 4510 dekar.

Det er gjennomført ei kvalitetssikring av miljøkvalitetane i området ved gjennomgang av tidlegare kartleggingar og synfaring. Fylkesmannen har på bakgrunn av naturverdiane som er registrert i området takka ja til tilbodet om utviding av Ørnakken naturreservat med 290 dekar skog den 09.08.2018.

ALLSKOG har taksert skogen i tilbodet, og har forhandla med Staten sin skogsakkunnige Severin Myrbakken om erstatning

Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov av 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som

er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, blir foreslått brukt for dette skogsområdet i dette verneplanframlegget. § 37 i naturmangfaldlova har slik ordlyd:



«Som naturreservat kan vernes områder som
a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,
b) representerer en bestemt type natur
c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
d) utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller
e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med vernevedtaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdets skjøtsel.»

Saksbehandling

Naturfaglege registreringar

Det naturfaglege kunnskapsgrunnlaget er basert på naturtypekartlegging gjort av Dag Holtan i 2011, kartlegging av kystfuruskog ved Miljøfaglig utredning i 2015, samt undersøkingar gjort av Fylkesmannen ved synfaring om inngrepstilstand 20.04.2018.

Området tilbydt frivillig vern søraust for eksisterande naturreservat omfattast av lokalitetane Glomset: Haugtua, nordsida – gammal kystfuruskog med verdi B (viktig) og Glomset: Haugtua, søraustsida – gammal barskog av same verdi (B, viktig). Som utviding av eit eksisterande skogvernområdet vil dette utgjere ein del av ein stor, variert og samanhengande gammal furuskog. Det inneheld trua og sjeldan natur knytt til temperert kystfuruskog (sterkt trua – EN) og har ein regional til nasjonal verdi (4).

Lokaliteten for utvidinga er delt i to område, høvesvis nord og sør for Haugtjønna. I aust grensar området til Svortahaugen og i vest ligg Ørnakken naturreservat. Området nord for Haugtjønna har eit granplantefelt på om lag 4 dekar. Dette er i grensa til det eksisterande naturreservatet og langs Haugtjønna. Elles er det spreidde førekomstar av granplanting utan særleg tilvekst. Området inneheld intakt furuskog på blåbær- og bærlyngmark og fattigmyr, og har brukbare førekomstar med læger og gadd. Furu er dominerande treslag med innslag av bjørk, gråor, osp, rogn og selje. I busksjiktet er einer vanleg. Storfugl og hønsenhauk (NT) er registrert her. Den sørlege delen av området er ein kontinuerleg forlenging av kvalitetane i det eksisterande naturreservatet med kystfuruskog. Her er det ikkje funne førekomstar av granplanting, og naturtypane blåbær- og bærlyngskog dominerer. Skogen er gammal og alderen på furutrea er



høg, ofte med grove dimensjonar. Det er også eit bra innslag med daud ved her, som til dømes trefall etter nyttårsorkanen. Gubbeskjegg (NT) veks rikeleg på gammal furu. Fuglar som er registrerte her er hønsehauk (NT), kvitryggspett og storfugl. Det er lite påverkingar i dette området og skogen har hatt ei lang og god utvikling. Det har tidlegare vore utmarksbeite her og det finst enkelte einerar med søyleform.

Ei utviding i aust vil forsterke verneverdiane i det eksisterande verneområdet og arealet for utvidinga er av vernekvalitetar slik at i det nye naturreservatet vil naturkvalitetane auke både i omfang og verdi.

Oppstartsmelding

Fylkesmannen sende ut oppstartsmelding om utviding av Ørnakken naturreservat til fleire aktuelle interessepartar i brev av 30.04.2018. Framlegget er med i ordninga for frivillig skogvern kor grunneigarane har tilbydd areala for vern. Innspel til planarbeidet var på høyring fram til 01.06.2018.

Vi fekk sju innspel til verneplanprosessen lista opp under:

- Møre og Romsdal Fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ingen særskilte merknader.
- Riksantikvaren viser til Møre og Romsdal fylkeskommune for kulturminneforvaltninga sitt fråsegn i denne type saker.
- Statens vegvesen har ikkje merknad til varsla oppstart med sikte på utviding av naturreservatet.
- Statnett har ikke anlegg som er berørt av planene og har ingen merknader til saken.
- Direktoratet for mineralforvaltning melder at i følge kartdatabasane frå NGU er det ikkje registrert viktige mineralressursar innanfor verneområdet. DMF har difor inga ytterlegare kommentarar men ber om å bli orientert i vidare verneprosess.
- Norges vassdrags- og energidirektorat finn ingen konfliktpunkt på noverande kart i NVE Atlas.
- Gunnar Hauge har organisert adresselista geografisk og meiner det må vere svært opplagt at andre enn dei 66 høyringsinstansane som er med på adresselista bør få meldinga tilsendt, da ingen frå Skodje kommune er med på adresselista. Han saknar Skodje kommune, Nordre Sunnmøre Landbrukskontor, lokallaga for landbruksorganisasjonane, Nordre Sunnmøre Skogeigarlag og Skodje Bondelag. Vidare melder Hauge at ein vesentleg del av den skogsmarka som er verna, tilhøyrar privateigde gardsbruk som er organisert i Glomset og Ytrevik Grunneigarlag. Desse grunneigarane er ikkje med på adresselista, noko Hauge etterlyser. Vidare stiller Hauge spørsmål ved mykje av opplysningane som er gitt i brevet av 30.04.2018, og meiner det er utan tvil behov «for ei nærmare drøfting av saka». Hauge melder vidare at kunngjeringa frå fylkesmannen må vere meir målretta enn oppstartsmeldinga, då den inneheld for mange direkte feil opplysningar og upresise formuleringar.

Fylkesmannen si vurdering av innspel

Vi tar til orientering innspel om oppdatert adresseliste og oppfordrar samstundes alle med interesse i saken om å melde inn fråsegn i høyringsperioden for verneframlegget.



Brukarinteresser

Området er tradisjonelt brukt til jakt og fangst samt rekreasjon og dette vil kunne framhalde som før, jamfør verneforskrifta. Elles omfattast ikkje dette område av større samfunnsmessige interesser, jamfør innspel på oppstartsmelding.

Avgrensing

Sjå vedlagt vernekart

Vidare saksgang

I samsvar med naturmangfaldlova og saksbehandlingsreglane i denne, sender Fylkesmannen med dette verneframlegg på høyring. På bakgrunn av at det er gjennomført forhandlingar med grunneigarane og at det vart semje om avgrensing og framlegg til forskrift, reknar vi med at det eventuelt blir mindre justeringar av forskriftene etter høyring.

Etter denne lokale og sentrale høyringa, vil Fylkesmannen, på bakgrunn av høyringsdokument og innkomne fråsegner, skrive ei tilråding til Miljødirektoratet. Direktoratet fremmer så saka for Klima- og miljødepartementet som deretter vil førebu ho og legge fram eit forslag om vernevedtak for Kongen i Statsråd.

Etter vernevedtaket ved kgl. res. vil erstatningar bli utbetalte i samsvar med avtalane. Fylkesmannen får så i oppdrag å gjere vedtaket kjent og sørge for at reservatet blir merka og skilta. Merking og oppmåling blir gjort av jordskifteretten etter krav frå fylkesmannen om grensegang og merking.

Forslag til forskrift

Forskrift for Ørnakken naturreservat, Skodje kommune, Møre og Romsdal.

Fastsett ved kgl.res. 14. juni 2002 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, jf. § 10 og § 21, § 22 og § 23.

Endra ved kongeleg resolusjon av 00.00.0000 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) § 34, jf. § 37 og § 62.

§ 1 Føremål

Føremålet med naturreservatet er å verne eit stort og variert skogsområde som inneheld trua og sjeldan natur og ein bestemt type natur i form av gamal furuskog. Store deler av området ligg på god bonitet i låglandet. Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogeleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.



§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreseptet omfattar følgjande gnr./bnr.: Skodje kommune:

9/1,2,3,4,10,24,25,26,27,28,29,30,31,32 – 10/1,18,19,20,21,22,23,24,25 – 11/1,2 –
29/1,2,4,5,6,7 – 30/1,2,11,12,13,14 – 31/1,2,3,4 – 45/1,2,3,10

Naturreseptet dekkjer eit totalareal på 4452 dekar. Grensene for naturreseptet går fram av kart dagsett Klima- og miljødepartementet 00.00.00. Dei nøyaktige grensene for naturreseptet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast i Skodje kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3 Vernereglar

I naturreseptet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som er nemnde i føremålet med vernet.

I naturreseptet gjeld følgjande vernereglar:

- a) Vegetasjon, medrekna daude buskar og tre, er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje førast inn. Planting eller såing av tre er ikkje tillate.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade og øydelegging. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker el. l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte tilførsler av forureining, etterlatig av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmende.
- d) Motorisert ferdsel på land og på vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær og matsopp.
- b) Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- c) Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.



- d) Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt.
- e) Fjerning av mindre mengder kvist i samband med utøving av storviltjakt.
- f) Beiting
- g) Bålbrenning med tørrkvist frå bakken eller medteken ved i samsvar med gjeldande lovverk.
- h) Vedlikehald av eksisterande bygningar og andre anlegg og innretningar i høve til tilstand på vernetidspunktet.

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Utanom stien vist på vernekartet, er bruk av sykkel, hest og kjerre samt riding forbode.

§ 6 Generelle unntak frå reglane om ferdsel

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- eller forvaltingsoppgåver som er vedteke av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som vert nytta skal vere skånsame mot markoverflata. Ein skal gje melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av slik køyring.
- b) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c) Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 d.



- b) Hogst og uttak av gran, platanlønn og andre framande treslag.
- c) Oppføring av gjerde og samleanlegg for beite.
- d) Utsetting av saltstein.
- e) Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- f) Gjenoppføring av bygningar og anlegg som går tapt ved brann eller naturskade.
- g) Nødvendig uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn nemnt i § 6 b.§ 5
- h) Nødvendige motorferdsel for aktivitetar nemnt i § 4 h og § 7 b, c, d, e og f.

§ 8 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom tiltaket ikkje er i strid med vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleiksomsyn og omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

§ 9 Skjøtsel

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

§ 10 Forvaltingsplan

Det skal utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 Forvaltningsstyresmakt

Miljødirektoratet fastset kva instans som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12 Iverksetting

Denne forskrifta trer i kraft straks